



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26

Vår dato
02.07.2018
Dykkar dato
09.04.2018

Vår referanse
2018/4662 421.4
Dykkar referanse
16/2379

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune - Langøy - Ospeneset akvakulturområde - klage over reguleringsvedtak - planid 1263-201606

Vi viser til ekspedisjon frå Lindås kommune, motteken av Fylkesmannen i Hordaland den 09.04.2018.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommunestyre sitt reguleringsvedtak for Langøy-Ospeneset akvakulturområde av 02.11.2017, sak 090/17.

Bakgrunnen for saka

Vi føreset at partane er kjende med den tidlegare handsaminga av saka og saksdokumenta. Fullstendig saksreferat vert difor ikkje gjeve. Vi vil likevel kort nemne følgjande frå den tidlegare handsaminga av saka:

Lindås kommunestyre godkjente den 02.11.2017 reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde, plan- id 1263-201606 på følgjande vilkår:

- «1. Føresegner datert 11.09.2017 og plankart datert 01.06.2017 vert lagt til grunn.*
- 2. Før reguleringsplanen vert kunngjort godkjent, skal feilfritt plankart ligge føre i gjeldande SOSI-standard for Lindås kommune.*
- 3. Areal utvidelsen kan ikkje være bakgrunn for auka biomassen i regulert areal. Eventuelt auka biomasse må sjåast i samanheng med ein samla akvakulturplan for «Fensfjordbassenget» i Lindås og Masfjorden eller samla plan for eit større område.»*

Vedtaket er klagt på av Helga Skauge, Harald Hodneland og Harald Hansen. Det er peika på allemannsretten og at Austfjorden har vore nytta av kystfolket i mange år. Utvidinga en ser i Austfjorden av oppdrettsanlegg er for omfattande og fire anlegg innanfor eit kort strekke av fjorden er for mange. Vidare peiker klagarane på at krav til avstand mellom oppdrettsanlegg ikkje er følgd opp i løyva som er gjevne til lokalitetane, og at ein difor heller ikkje bør utvide lokalitetane. Klagarane viser også til tilhøve som lakselus, fiskehelse, kjemikaliebruk, innverknad på miljøet, verknad for villaks med meir. Avslutningsvis trekk klagarane fram nokre alternativ til oppdrettsanlegg i Austfjorden. Vidare vert framlegg til å verne området som nasjonalpark sett fram, også som maritimt verneområde.

Plan- og miljøutvalet handsama klagen i møte den 21.03.2018, sak 046/18. Klagen vart ikkje teken til følgje. Vedtaket var samrøystes. Saka vart deretter sendt Fylkesmannen for klagehandsaming.

Fylkesmannen ser saka slik

Forvaltningslova (fvl.) gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan som klageinstans prøve alle sider av saka, jfr. fvl. § 34. Det følgjer likevel av fvl. § 34 andre ledd at Fylkesmannen som statleg instans skal leggje stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøvinga av det frie skjønnet.

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 12-12, jfr. § 1-9 kan kommunestyret sitt endelege vedtak i regulerings saker klagast inn for departementet. I Miljøverndepartementets sitt rundskriv T-8/86 er departementets sitt mynde som klageinstans delegert til Fylkesmannen.

Planområdet er på totalt 6462 dekar. Føremålet med reguleringsplan er å leggje til rette for ei utviding av areal sett av til akvakultur på lokalitetane Langøy og Ospeneset i Fensfjorden og Austfjorden, i tillegg til å regulere vekk akvakulturområdet ved Ådnøy. Arealutvidinga er basert på dagens produksjonsløyver på høvesvis 4680 tonn for Langøy og 3120 tonn for Ospeneset. Det er etter det opplyste ikkje planlagt utviding av biomasse utover desse løyva i planen. Utvidinga er i strid med kommuneplanens arealdel der områda for utvidinga er vist som fleirbruksområde i sjø.

Planarbeidet skal i samsvar med pbl. § 1-1 fremje lova si målsetjing om berekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Det er kommunestyret som er ansvarleg for planarbeidet i kommunen og som skal ta stilling til om eit område skal regulerast og til kva formål. Det er eit spørsmål som er underlagt kommunen sitt frie skjønn. Ved utarbeiding av reguleringsplanar vil det ofte vere motstridande omsyn som gjer seg gjeldande. Spørsmålet vert då om dei vurderingane som ligg til grunn for valet av reguleringsføremål og utforming av reguleringsføresegner har vore tilstrekkeleg grundige og byggjer på lovlege reguleringsmessige omsyn. Fylkesmannen må ved handsaminga av klagesaka også vurdere om det er gjort sakshandsamingsfeil i reguleringsprosessen.

Det ligg ikkje føre motsegn mot reguleringsplanen frå fylkeskommunen eller aktuelle statlege fagorgan. Vilråa for at kommunen kan eigengodkjenne planen er dermed til stades, jfr. pbl. § 12-12.

Naturmangfald

Klagnarane har merknadar knytt til ureigning frå akvakultur, verknader for villaks, fiskehelse og lakselus. Fylkesmannen viser til at desse tilhøva til har vore omtala og drøfta i reguleringsprosessen. Naturmangfald var mellom anna eit sentralt tema i konsekvensutgreiinga til planen. Kommunen har vurdert det slik:

«Vurdering av verknad på naturressursar viser at tiltaket har lite innverknad på område for fiske og havbruk, sjølv om Ospeneset per i dag har fortøyingsliner som går gjennom avsatt fiskeområde i kommuneplanen til Masfjorden. Det er ikkje vurdert at nye anlegg vil ha noko negativ verknad for desse interessene. Administrasjonen er einig i vurderingane som er gjort i høve område for fiske/havbruk. Administrasjonen er også einig i at sjølv om arealet for utslepp ved lokalitetane vert auka, så vil ikkje det totale utsleppet frå anlegga endrast då det ikkje er auke i tillaten MTB (tonn løyvd produksjon), slik at spreininga av avfallsstoff frå

anlegget vert lågare. Slik sett vil truleg utvidinga ha ein ubetydeleg konsekvens for kystvatn. Administrasjonen noterer seg likevel at det går fram avkonsekvensutgreiinga at det er eit kunnskapsbehov for bruken av lusemidlar og effekten av desse på naturmiljøet over tid. Det pågår forskning på området, og bruk av lusemidlar er noko som er regulert i høve andre lovverk. Administrasjonen meiner soleis at sjølv om temaet har noko å seie for arealbruken og risikoen med omsyn til naturmiljø, så er dette eit tema som må handsamast i høve anna lovverk om det er for stor risiko med bruken av ulike preparat for å bekjempe lakselus.

Når det gjeld tilhøve til rømming, går det fram av planmaterialet at det totalt sett med større anlegg vil vere ein større rømmingsfare, sjølv om den enkelte merd vil ha lågare fisketettleik og soleis vere mindre utsatt. Administrasjonen meiner at dette vil vere eit naturleg utfall av større anlegg og meir fisk i sjøen, og så lenge ein ikkje har på plass teknologi som til dømes lukka anlegg, så vil det alltid vere ein fare knytt til rømming frå anlegg. Etter rømminga frå Speneset i 2015 rømte det over 50.000 laks, men det vart ikkje rapportert at nokre av desse var fanga i nærliggande elver under sportsfisket i 2015. Det vil vere opp til ansvarleg fagmynde å vurdere om rømmingsfaren som vert akkumulert som følgje av utvidinga av anlegget er av ein slik art at ein likevel ikkje kan tillate utvidinga.

Lakselus er eit anna tema som er omfatta av konsekvensutgreiinga, og ein viser her til at ein med meir areal truleg må pårekne større risiko for oppblomstring av lus i anlegga enn dagens situasjon. Området vil difor verte meir utsatt for luseoppblomstring og ein må sette inn tiltak for å halde dette på eit akseptabelt nivå. Undersøkingane viser at lusekonsentrasjonen er større på den inste lokaliteten Ospeneset. Vidare er det gjort undersøkingar som viser at det er lakseluspåverknad i Austfjorden som tilseier at lusesituasjonen har gitt ein negativ effekt på utvandrande laksesmolt frå heile området, inkludert sjøaure frå Storelva. Ei utviding av anlegget vil altså føre med seg auka risiko for oppblomstring av lakselus og det må etter administrasjonen sitt syn gjerast tiltak for å avgrense dette problemet. Det er gjennom Nordhordland Fiskehelsenettverk innført retningslinjer som har som målsetting å redusere problemet med lakselus og det vil verte innført nye produksjonsregimer som vil ha større fokus på luseproblematikk enn dagens regime, med mellom anna «trafikklys» som indikerer om produksjon i eit område kan auke, halde seg på nivå eller i verste fall avta grunna lusenivåa. Administrasjonen meiner at utvidingane som er planlagd vil auke moglegheita for oppblomstring av lus, men at dei relevante mynde må sette krav til korleis dei handterer denne situasjonen. Administrasjonen meiner at dei avbøtande tiltaka som ligg i anna lovverk vil vere tilstrekkeleg til å kunne tillate ei utviding av arealet til denne aktiviteten.»

Fylkesmannen finn at tilhøvet til naturmangfaldet er tilstrekkeleg utgreidd og vurdert gjennom planhandsaminga. Dette er tema som høyringsinstansane i planprosessen, klagarane og andre har vore opptekne av. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing som handsamar temaet, i tillegg til eit ekstra notat som mellom anna omhandlar kunnskap mellom villfisk og vassdraga. Fylkesmannen har ikkje merknadar til vurderingane som kommunen her har gjort.

Avstand mellom anlegga

Klagarane har merknader knytt til avstand mellom anlegga. Fylkesmannen viser til at det er eksisterande anlegg på begge lokalitetane. Det har i planprosessen ikkje kome fram merknadar frå ansvarleg mynde om at avstanden mellom anlegga er i strid med gjeldande regelverk.

Allemannsretten

Klagarane har også vist til allemannsretten. Fylkesmannen ser at anlegga kan leggje nokre avgrensingar for trafikken i fjorden og friluftslivet. Til liks med Lindås kommune viser vi likevel til at ferdsle stort sett er mogleg på begge sider av anlegga. Når det gjeld bruksrettar og allemannsretten i fjorden, så er dette tilhøve som ikkje berre er styrt av arealbruken i den einskilde reguleringsplanen, men også gjennom anna offentleg regelverk. Vi legg også vekt på at sakshandsaminga har sikra brukarmedverknad frå innbyggjarane og at avgjerda er gjort på så opplyst grunnlag som mogleg.

Grunnrente og skattlegging

Fylkesmannen kan ikkje vektleggje grunnrenta og korleis næringa vert skattlagt i høve til andre næringar i vurderingane som skal gjerast etter plan- og bygningslova.

Alternativ bruk av Fensfjorden

Klagarane ønskjer å verne området som nasjonalpark, også som maritimt verneområde. Fylkesmannen gjer merksam på at reguleringsplanen gjeld spørsmålet om utviding av eksisterande lokalitetar. Spørsmålet om alternativ bruk av Fensfjorden, som tilhøvet til søknad om verte Unesco Biosfæreområde, er eit spørsmål av meir overordna karakter. Dette bør i takast opp i kommuneplansamheng.

Merknaden frå Per Teige har også vore medtekne i kommunen sine vurderingar i planprosessen.

Oppsummering

Fylkesmannen finn etter ein gjennomgang av saka at reguleringsplanen er handsama i samsvar med dei krav som plan- og bygningslova set til utarbeiding og vedtaking av reguleringsplanar. Fylkesmannen finn vidare at kommunen sine avveingar av dei motstridande interessene i saka er tilstrekkeleg grundige, og i tråd med reglane i forvaltningslova og plan- og bygningslova. I vurderinga av arealdisponeringa i planen og det planfaglege skjønnet har vi lagt stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, jfr. fvl. § 34 andre ledd.

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommunestyre sitt reguleringsvedtak av 02.11.2017, sak 090/17.

Klagen vert ikkje teken til følge. Fylkesmannen sitt vedtak kan ikkje klagast vidare, jfr. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Helga Skauge

Harald Hodneland

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS

Per Kristian Teige

Harald Hansen c/o Helga Skauge

Hodneland 139

Hodneland 241

Torgbakken 9

Kloppedalsvegen 59

Hodneland 139

5957

5957

5411

5221

5957

MYKING

MYKING

STORD

NESTTUN

MYKING